



SANDE KOMMUNE
Rådmannen

SÆRUTSKRIFT

Samla saksframstilling

Utval	Saksnummer	Møtedato
Formannskapet	0103/06	12.09.2006

Løpenr.	Arkivsaksnr.	Arkivnr.	Saksbehandler:
003382/06	06/00663	01//	Sindre Torset

HØYRINGSNOTAT OM ENDRINGAR I VALLOVA

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Sande formannskap har ikkje vesentlege merknader til forslaga til endringar i vallova.

VEDTAK I FORMANNSKAPET:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke, med slikt tillegg:

"Formannskapet meiner førehandsrøystingsperioden skal framleis vere fram til siste fredagen før valdagen".

Rett utskrift

SANDE SERVICEKONTOR, 6084 Larsnes, 15. september 2006


Tove Cathrine Kvamme
sekretær

Særutskrift:

Det Kgl. Kommunal- og regionaldepartementet.

VEDLEGG:

Skriv av 20.06.06 frå Kommunal- og regionaldepartementet (side 1 og 2)
Høyringsnotat (side 2 samandrag, og 18 og 19 utkast til lovending).

SAKSOPPLYSNINGER:

Vi viser til vedlegga. Etter vår meining er det viktigaste ved forslaga frist for førehandsrøysting (flytta frå fredag til torsdag før valdagen) og frist for mottak av innsendte førehandsrøyster (flytta frå valdagen til tysdag kl 20.00 etter valdagen). Departementet ber om kommunen sitt syn på følgjande:

A1 Obligatorisk utsending av valkort. Vi har ingen merknad.

A2 Avslutning av førehandsstemmeperioden på torsdag før valdagen, og A4 frist for godkjenning av tilsendte førehandsrøyster vert flytta til tysdag kl 20.00. Departementet og Stortingets fullmaktskomite er opptekne av at førehandsrøyster som er avgitt på lovleg tidspunkt, kan kome fram innan den lovbestemte fristen, slik at dei kan telje med.
Vår merknad:

A3 Frist for å søkje om ambulerande mottak. Vår merknad: Fristen må vere tilpassa A2.

A5 Ukjende skal legitimere seg. Vi har ingen merknad.

A6 og A7 Oppteljingsprosedyrer. Vi har ingen merknad.

A8 Førebels oppteljing av førehandsrøyster kan ta til søndag. Vår merknad: Denne oppteljinga kan i og for seg ta til endå tidlegare, dersom det er nødvendig for å bli ferdig forholdsvis tidleg på måndag.

B1 Skjeringsdato for manntal 30. juni. Vi har ingen merknad. Denne skjeringsdatoen må i ei viss grad vere avhengig av start på førehandsrøysting.

B2 Restriksjonar på meiningsmålingar. Vår merknad: Restriksjonane bør vere svært avgrensa.

VURDERING:

Vi har ikkje vesentlege merknader. Vi er likevel skeptiske til å redusere tida for førehandsrøysting.